



Minnestinar i Norddal

Memorial Stones in Norddal



Det finst heile 18 minnestøtter i Norddal kommune, alle plasserte i vakre, gjerne dramatiske omgjevnader. Bak kvart minnesmerke gøymer det seg spennande historier. Det kan vere ei sterk oppleving å oppsøkje desse stadane, ein får nærast tak i ein flik av dramaet som er knytt til støttene.

There are 18 memorial stones in Norddal Municipality, all placed in beautiful, often dramatic settings. Each stone, saturated with memories, represents an exciting story or moment in history. Seeking out these stones can be a powerful experience, for they allow us to participate vicariously in the lives of the people and the dramatic events they commemorate.



Forsvunne bautasteinar i Norddal

I tillegg til dei 18 støttene finst nedteikningar om 4 baustasteinar frå eldre tid:

Tafjord: Ein bautastein som var over 2,5 m høg stod i eldre tid ved tunet til Peter J. Tafjord, bnr. 6. Steinen forsvann ved at han vart brukt til bru over ein bekk.

Dale: Mellom kyrkjegården og sjøen låg eingong noko som vart kalla Kjemperingane, "og rundt om besat med Kampe Steene, inden for hvilke vore gamle Kiæmper have staatet og fægtet saaledes at de ei maatte vige et Skridt udenfor Kredsen".

Omenås: Det blir fortalt om ein bautastein på 2,5 m på bøen tett nedafor vegen, ved ein tidlegare gravhaug.

Uri: Ved bnr. 6 på Uri var det nokre kjempehaugar sør for tunet. På eine haugen var "2 hosstaande bautastene, kallede Systrene".



1 Pionerane til Trollstigen

På Slettvikane står minnesteinen over to føregangsmenn for vegen over fjellet til Romsdalen. Ole N. Alstad og Lars M. Omenås gjorde den første opptakta i 1780-åra. Men det var vanskeleg å få dei andre valldalingane med på dette dristige og omfattande prosjektet. Først i 1818 kom dei retteleg i gang med vegen gjennom Skjersura slik at det vart farande med hest, og i 1840 med kjerre. I 1920-åra kom det fart i vegarbeidet over Stigfjellet inntil Trollstigen vart ferdig i 1936.



Foto: Terje Rakke

Trollstigen's pioneers

At Slettvikane stands a monument commemorating two men who started building the road over Stigefjellet to Romsdalen. Ole N. Alstad and Lars M. Omenås began this endeavour in the 1780s, yet not until the 1920s did the project gain momentum. The road called Trollstigen, 'the troll's road', was completed in 1936.



2 To kongar kryssar sine spor

Minnestein ved riksvegen på Slettvikane over kongane Haakon 7 og Heilag-Olav. Kong Haakon var her i samband med opninga av Trollstigen i 1936. Det var truleg her kong Olav Haraldsson (Heilag-Olav) for med hæren sin nyttårs-tider 1028/29. Herifrå la han i veg austover til Verma og Gudbrandsdalen.

Two kings cross tracks

The roadside stone memorial at Slettvikane commemorates King Haakon VII and St. Olav. King Haakon was here in connection with Trollstigen's opening in 1936. King Olav Haraldsson (St. Olav) and his army surely passed this spot in late 1028, early 1029.

3 "Til minne og åtvaring"

Steinstøtte og minnestad ved Saudhølen i Valldalselva på Omenås er laga "til minne og åtvaring". Steinen vart reist 14. juli 1963 fordi så mange har drukna akkurat her. I 1860 drukna Nils Andreas Olsson Omenås, 22 år, i 1901 drukna Ole Nilsen Hjelme, 41 år, ved bading og i 1961 drukna brørne Lars Egil Omenås, 15 år, og Ingleif Omenås, 14 år. Truleg har Saudhølen hatt slike ulykker også i eldre tid.

'A reminder and a warning'

Erected 14 July 1963, the stone monument at Omenås, alongside Saudhølen in Valldal River, is meant to remind us of all who have drowned here and to warn us to be careful.





4 Døvings Capel

Minnestein på garden Døving. På denne staden stod det mellomalderske Døvings Capel i 500 år, som skal ha vore "det skjønneste kapellet som står i stiftet." Kapellet vart flytta til Sylte i 1812, og rive då dagens kyrkje stod ferdig i 1863. Minnestenen vart avduka olsok 2007. Til stades var geistlege frå den norske, frå den katolske og den gresk-ortodokse kyrkja, saman med ordførar Arne Sandnes.



Døving's Chapel

Memorial at Døving farm. The medieval Døving's Chapel stood here for 500 years. Praised as 'the most beautiful chapel in the district', it was moved to Valldal in 1812, but was torn down in 1863 when the present church was erected. The memorial stone was unveiled on the Feast of St. Olav, 29 July 2007. In attendance were clergy from the State Lutheran Church, the Catholic Church and the Greek Orthodox Church, and Mayor Arne Sandnes.

5 Heilag-Olav

På Korsbrekkja står det viktigaste historiske minnet om Heilag-Olav i Valldal. I Snorres kongesagaer står det at Olav Haraldsson kom hit ved årsskiftet 1028/29. Her på Korsbrekkja kvilte han ei stund, før han for vidare oppover dalen, på den stigen som seinare vart kalla Olavsvegen. Det vart reist kors der kongen sat, og korstradisjonen på Korsbrekkja er blitt halden i hevd gjennom snart tusen år. Når eitt kors rotna ned, sette dei opp eit nytt. Kring 1850 reiste valldalingane denne steinstøtta med eit jernkors på toppen, med inskripsjonen "Olaf d. Hel. Ann. 1029". Korsbrekkja har i eldre tid vore samlingsstad for folket Valldal. Her er også to gravhaugar frå heidensk tid.



St. Olav

Valldal's most important historical monument to St. Olav is found at Korsbrekkja. In his sagas of Norse kings, Snorre Sturlason writes that Olav Haraldsson stopped here in late 1028, early 1029. He rested awhile before riding up the valley, on the path later called Olavsvegen. A cross was erected on the spot where Olav sat. In fact, the tradition of having a cross at Korsbrekkja has endured for almost a thousand years. When one cross rotted away the locals put up a new one. About 1850 they erected this stone and topped it with an iron cross. In the old days Korsbrekkja was a meeting place for Valldal's inhabitants. Here there are also two grave mounds from pagan times.



HEILAG OLAV

I Norddal er dette merket brukt på skilt og infotavler som viser til stader knytt til Heilag-Olav.

In Norddal this symbol is used on signs and information plaques indicating places associated with St. Olav.

6 Soldatar i Napoleonskrigane

Steinstøtta ved Sylte kyrkjegard er sett opp til minne om soldatane i krigen mellom Noreg/Danmark og Sverige/England (Napoleonskrigane) 1807-1814. 32 mann vart sende frå Valldal (3 er ikkje nemnde på tavla), og 5 kom ikkje attende.



Soldiers in the Napoleonic Wars

This stone memorial in Sylte graveyard commemorates soldiers who fought in the war between Norway/Denmark and Sweden/England (the Napoleonic Wars, 1807-1814). 32 men from Valldal were conscripted (3 are not mentioned on the stone), 5 never returned.

8 Pioner for korssongen i Norddal

Minnestein på Sylte kyrkjegard over Lars Lingås (1839-1913) som var lærar i Øvre Valldal. Han gjorde ein pionerinnsats for korssongen i Valldal, skipa Valldal blandakor i 1897, og fleire andre kor. Han dirigerte kor i tre krinsar, og hadde eit lite orgel med seg frå øving til øving. Støtta kom opp i 1944, med eit koparrelieff utført av Daniel Hagerup.



Choir pioneer in Norddal

A monument in Sylte graveyard commemorates Lars Lingås (1839-1913), a teacher in Øvre Valldal. Lingås pioneered efforts to start choirs in Valldal. He himself directed three choirs and always took along a portable organ to practices. The monument was erected in 1944, with a copper relief created by Daniel Hagerup.

7 Diktar og motstandsmann

Poet and resistance fighter

Minnestein på Sylte kyrkjegard over Lars J. Selboskar, fødd i 1916 i Fjørå. Han var aktiv i ungdomslaget, åtte diktarevner og heldt foredrag. Ved krigsutbrotet vart han send til Dombås som mitraljøseskyttar. Etter det kom han til Vinstra der han 19. april 1940 fall i kamp med ei tysk tankavdeling.



The memorial at Sylte graveyard for Lars J. Selboskar, born at Fjørå in 1916. A talented poet, Selboskar gave lectures and was involved in the local youth organization. When World War II broke out he was sent to Dombås as a machine gunner. Later he was sent to Vinstra. There he died, 19 April 1940, battling against a German tank division.



LÆRAR L. LINGÅS

3. 5. 3. - 1839
d. 22. 10. 1913

MED TAKK OG KVIRKNAD FOR
DITT GLAVERE LIVSVERK FOR
SKULE OG HEM I ÅO AR
I GJØRDE ALSTÅ OG HØGHAUKE



Captain Martin Linge

On 17 June 1946, Crown Prince Olav unveiled this memorial for Martin Linge, war hero and leader of Linge Company. He died during the Måløy Raid, 21 December 1941, and became a symbol for the resistance movement in Norway and in the other allied countries. The stone stands at Linge's childhood home, Negarden (farm) in Linge. In 1995 a copper relief by Ola Stavseng was added.



9 Kaptein Martin Linge

Minnestein på Linge over krigshelten Martin Linge vart avduka av kronprins Olav 17. juni 1946. Martin Linge var sjef for Lingekompaniet. Han fall under Måløyraidet 21. desember 1941, og vart symbol for motstandsørsla både i Noreg og i dei allierte landa. Steinen står ved barndomsheimen hans på Negarden. Emnet til støtta vart funne i Muldalsvika og hogge ut av Ole Tafjord. I 1995 vart det avduka eit koparrelieff utført av Ola Stavseng.

10 Tafjordulykka – Fjørå

Natt til 7. april 1934 hende ein av dei største naturkatastrofane i Noreg: Eit fjellskred fall i Tafjorden og laga flodbølgjer som slo mot bygdene langs fjorden. I alt omkom 40 menneske. 6. april 1975 vart det avduka ein minnestein over dei 17 som døde i Fjørå. Namna på dei omkomne er støypte i kopar. Sokkelen markerer den høgste bølgjehøgda. Innafor Heggerfossen er skredfaret framleis tydeleg.



The Tafjord disaster – Fjørå

In the early hours of 7 April 1934 one of Norway's worst natural catastrophes happened: A mountain-side collapsed into Tafjord, causing mammoth waves to overwhelm the fjord-side villages. In all, 40 people died. On 6 April 1975 this stone was unveiled, in memory of the 17 who died at Fjørå. The victims' names are cast in copper. The plinth marks the waves' highest point. At Heggerfossen signs of the catastrophe are still evident.



11 To grensevakter

Ved vegen opp frå kaia i Tafjord står ein minnestein over J. Rødal og T. Tafjord som var grensevaktt i krigen mellom Noreg/Danmark og Sverige/England (Napoleonskrigane) 1807-1814. Støtta vart reist i samband med 100-års dagen for grunnlova i 1914.

Two border guards

Memorial stone in Tafjord commemorating J. Rødal and T. Tafjord, border guards in the war between Norway/Denmark and Sweden/England (the Napoleonic Wars, 1807-1814). The monument was raised in 1914, in connection with Norway's centennial celebration of its constitution.



12 Tafjordstøtta

Ved kaia i Tafjord står minnestein over dei 23 døde i Tafjordulykka. Steinen vart avduka 28. august 1983. Bakom ser vi Haugsteinen der seks menneske berga seg unna flodbølgja. Det var vanskeleg å finne ei høveleg steinstøtte, og ein tenkte seg til med å feste koparplata på Haugsteinen. Men under gravinga for å lage ei trapp her, kom dei over ein uvanleg stein i jordmassane som flodbølgja hadde kasta opp. Dette vart nærmast rekna som eit teikn, og denne steinen vart så reist med namneplata på plass.

The Tafjord Memorial

Memorial for the 23 from Tafjord village who died in the Tafjord disaster. Behind the monument we see the embankment where 6 people found refuge. The stone was unveiled 28 August 1983. It was difficult to find a suitable stone, so Tafjord's inhabitants thought of fastening the copper plaque directly to the embankment. Meanwhile, workmen building a stairway here discovered an unusual stone in amongst the masses of earth and rocks thrown up by the gigantic waves. Reckoned as a sign, the name plaque was affixed to it.

13 Bergingsstaden

Ei støypt minnestøtte i Botnen på austsida av vegen til Herdalen. To gutar fiska i elva ein vårdag kring år 1880, og den eine, 10-åringen til presten Nils Astrup, heldt på å miste livet i ein flaum. Eit skred hadde stengt elva, som så brast ut og fløynde gjennom dalen. Det kom så brått at det var så vidt folk nede i bygda klarte å springe unna. I 1920-åra sette Gunnar E. Dale opp denne støtta der gutane berga seg. Ei minneplate er visstnok kome vekk.

A place of refuge

A cast monument at Botnen, on the east side of the road to Herdalen. One spring day, ca. 1880, two boys went fishing. Suddenly there was a flash flood. One boy, the priest Nils Astrup's 10-year-old, almost died. It was so sudden, the people down in the village barely managed to run to high ground. G.E. Dale erected this monument in the 1920s, there where the boys found refuge.



Foto: Petter Melchior



14 "...den mest begavede af alle de ældre Præster"

På Ivergarden på Dale står minnestein over Ludolph Krohn, sokneprest i Norddal 1772–1785. Han la ned grunnensteinen til dagens Dale kyrkje i 1782. I tida i Norddal gifte han seg med Maren C. Høeg. Krohn var kjent for songstemma og messa på latin, og var med på å skipe Syndmøre Practiske Landhusholdnings-selskab i 1773. Han blir omtalt "som den mest begavede af alle de ældre Præster." Seinare var han prest i Luster til han døde i 1795.

'...the most gifted of all the older priests'

At Ivergarden in Dale stands a stone commemorating Ludolph Krohn, Norddal's parish priest from 1772 to 1785. He laid the cornerstone of today's Dale Church in 1782. Krohn was renowned for his fine singing voice and for celebrating the mass in Latin. In 1773 he helped found a non-profit agricultural organization (similar to 4H but geared towards adults). He was eulogized as 'the most gifted of all the older priests'.

15 Tafjordulykka – Norddal

The Tafjord disaster – Norddal

Ved Dale kyrkje vart det kort tid etter Tafjordulykka sett opp eit minne med namna på alle dei 40 som omkom. Åtte av dei som vart funne att ligg her i ei fellesgrav. Det var funne att tre til, dei er gravlagde på Sylte kyrkjegard.

Shortly after the Tafjord disaster this memorial was erected at Dale Church, to commemorate all 40 victims in the municipality. Of those who were found, 8 lie here in a common grave and 3 are buried in Sylte graveyard.



16 Innbyggjarane i Eidsdal og tusenårsskiftet

Minnesteinen står i eit lite parkområde ved ferjeleiet. I Eidsdal vart det vedteke å markere 2000-årsskiftet med å reise ei støtte med namna på alle som budde i bygda på denne dagen.



Inhabitants of Eidsdal at the millennial turn

To mark the year 2000, Eidsdal's inhabitants erected a monument with the names of everyone living in the village on 1 January 2000. Surrounded by a small park, the monument stands near the ferry-boat quay.

17 Eidsdalingar i Napoleonskrigane

Minnestein ved ungdomshuset Lidarheim i Eidsdal. I 1914 reiste Eidsdal ungdomslag ei støtte over eidsdalingar som var med i krigen mellom Noreg/Danmark og Sverige/England (Napoleonskrigane) 1807-1814. Minst 11 mann vart sende frå Eidsdal, tre av dei kom ikkje tilbake.



Inhabitants of Eidsdal in the Napoleonic Wars

In 1914 Eidsdal Youth Association raised a stone for the 'Eidsdalingar' who fought in the war between Norway/Denmark and Sweden/England (the Napoleonic Wars, 1807-14). At least 11 men from Eidsdal were conscripted, 3 never returned. The stone stands near Lidarheim Youth Club.

18 Lyset på Rønneberg

Minnestein i fjellet ved Rønneberg. Laurdagsmorgonen 26. august 1922 forsvann 2-åringen Erling Rønneberg frå heimen sin. 250 personar leita laurdag og sundag utan resultat. I fjellet sludda det og dei frykta det verste. Natt til måndag var nokre ungdommar på veg heim frå Geiranger. Dei såg eit underleg lys i fjellet ovafor Rønneberg, og ein gut som var frå Rønneberg, fortalte om lyset då han kom heim. Morgenon etter la folk av stad og fann straks guten, 2 km oppe i fjellet i 950 meters høgde. Han var bevisstlaus, men kvikna til att. Han levde likevel som "på lånt tid", og omkom 23 år gammal ved krigsforlis då hurtigruta vart torpedert på Hustadvika. Steinen vart reist av familien i 1945 der guten vart funnen: "Erling Rønneberg 30.4. 1920 gjekk seg vill 26.8 1922. Min Herres ljós lyste han fram att. Herren leier meg. Salme 23. Omkom ved d/s Irmaas forlis 13.2. 1944. Signe minnet ditt."



An uncanny light over Rønneberg

Memorial in the mountainside, Rønneberg. Saturday, 26 August 1922, 2-year-old Erling Rønneberg went missing. 250 people searched for him all that Saturday and Sunday, yet to no avail. Sleet was falling and the villagers feared the worst. Monday evening, some youths returning from Geiranger saw a strange light on the mountain above Rønneberg. Next morning the villagers climbed the mountain and straightaway found the boy – at 950 meters above sea level. He was unconscious but soon revived. Nevertheless, Erling lived 'on borrowed time'; he died at 23 when the Norwegian Coastal Express boat he was travelling on was torpedoed at Hustadvika. The family raised the monument in 1945, there where the boy had been found.





Kontaktinfo / Contact

Norddal kommune, Pb. 144, 6211 Valldal

Tlf/Phone: +47 70 25 88 00

Turistinformasjon /Tourist Information: +47 70 25 77 67

post@norddal.kommune.no

www.norddal.kommune.no

Norddal kommune. Produsert av: Kunstkortet AS, sommaren 2009.

Foto og tekst: Astor Furseth. Layout: Guri Jermstad AS.

Trykk: Omsetjing: Arlyne Moi. Kopiering for kommersiell bruk er forbode.